

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Sjukehusapoteka Vest

**DATO:** 22.02.2017  
**SAKSHANDSAMAR:** Kst. administrerende direktør Ola Rye  
**SAKA GJELD:** **Styringsdokument 2017 for Sjukehusapoteka Vest HF**

**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:** 005/17

**STYREMØTE:** 01.03.2016

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar saka til orientering med atterhald om eventuelle endingar i styringsdokumentet ved handsaming i føretaksmøtet.

Styret og ber administrasjonen, fokusere/ prioritere særskilt på dei områda styret har kommentert på i møtet.

Administrasjonen vert bedne om å rapportere på Styringsdokument 2017 for Sjukehusapoteka Vest HF i høve til mal og fristar sett av Helse Vest RHF.

## Oppsummering

Styringsdokument 2017 for Sjukehusapoteka Vest føreligg i førebels versjon og skal endeleg handsamast av styret i Helse Vest den 7.mars og av foretaksmøte i Sjukehusapoteka Vest den 8. mars 2016. Styringsdokumentet som ligg ved saka er i samsvar med styringsdokumentet som ligg til handsaming hjå styret i Helse Vest.

I Styringsdokument 2017 har Helse Vest gjeve Sjukhusapoteka Vest HF økonomiske, organisatoriske og rapporteringsmessige krav, samt oppgåver som skal støtte opp om verksemda sine overordna mål for 2017. Styringsdokumentet gjev ikkje dei samla krava til Sjukehusapoteka Vest men dokumentet utfyller og konkretiserer oppgåver som det skal leggjast vekt på, og som skal prioriterast i 2017.

Styresak (sak 006/17) om risikostyringsmål viser fokusområder for Sjukehusapoteka Vest i 2017 for å sikre leveranse i høve til styringskrava. Ut over dette vil oppgåver gjevne i styringsdokumentet verte spegla i strategi og planarbeidet i Sjukehusapoteka Vest i 2017.

## Kommentarar

Gjennom styringsdokumentet gjev Helse Vest RHF Sjukehusapoteka Vest HF eit mest mogeleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2017. Styringsdokumentet skal klargjere dei premissar og rammar som gjeld for verksemda og inneheld resultatkrava som blir stilte til helseføretaket.

Mål og rapporteringskrav som blir gjevne til Sjukehusapoteka Vest i Styringsdokument 2017 er avgrensa til dei områda Helse Vest ønskjer å ha særskild fokus på i år. Mål og rapporteringskrav i Styringsdokument 2017 må difor sjåast i samanheng med mål, rammer og retningslinjer for helsetenesta sett i lover og forskrifter, Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) sitt Oppdragsdokument for 2017 til Helse Vest RHF, styringskrav frå HOD formidla i føretaksmøte i Helse Vest RHF og helse- og omsorgsministeren sin tale til sjukehusa den 10. januar 2017. Helse Vest RHF legg til grunn at helseføretaka er kjend med og har sett seg inn i desse dokumenta. Sjukehusapoteka Vest sine vedtekter, tidligare styringskrav frå Helse Vest, Helse 2020 og strategiplan for Sjukehusapoteka Vest må og ligge til grunn for dei samla krava til Sjukehusapoteka Vest.

Helse Vest vil innrette verksemda si med sikte på å nå følgjande overordna mål i 2017:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
3. Betre kvalitet og pasienttryggleik

Helse Vest ber Sjukehusapoteka Vest om å gjere seg kjent med desse punkta i oppdragsdokumentet for 2017, og støtte opp under arbeidet i føretaksgruppa for å nå desse måla der Sjukehusapoteka Vest skal vere ein strategisk partner og levere legemiddel og farmasifaglege tenester til sjukehusføretaka.

Styringsdokument 2017 gjev, utover økonomiske, organisatoriske og rapporteringsmessige krav, oppgåver for Sjukehusapoteka Vest som skal støtte opp under å nå dei overordna måla.

- Støtte opp under og bidra i sjukehusføretaka sitt arbeid med å betre kvalitet og pasienttryggleik.
- Integre systematisk kvalitetsforbetringsarbeid i verksemda, og prioritere dette på lik linje med andre hovudoppgåver og som ein del av den daglege verksemda.
- Halde seg oppdatert om, og sette i verk avgjerder som er tekne når det gjeld system for innføring av nye metodar.
- Aktivt bruke avtalar forhandla fram av LIS1 og tilrådingar frå LIS, samt arbeide for å fremje bruk av og overgang til faglege likeverdige legemiddel for å redusere medikamentkostnader.
- Bidra til at det fortløpande blir utarbeida ein oversikt over bruk av dei mest kostbare medikamenta i regionen.
- Bidra til auke i del av pasientar som får gjennomført legemiddelsamstemming, med fokus på risikolegemiddel og aktuelle indikatorar, mellom anna gjennom satsinga i regi av Legemiddeltryggleiksprosjektet/Program for pasienttryggleik.
- Bidra i arbeidet med gode rutinar, effektiv flyt, automatisering og god styring i legemiddelkjeda frå ende til ende (frå grossist via sjukehusapotek til sjukehuspost). I samband med dette vere pådrivar for arbeid med lukka legemiddelsløyfe og auka bruk av eindose i regionen.
- Vidareutvikle system for styringsdata og for måling av kvalitets- og servicenivå.
- Medverke til gode rutinar for handtering av legemiddel i helseføretaka, gi god opplæring og gi god informasjon til helsepersonell, pasientar/pårørande.
- Offentleggjere resultat frå brukarundersøkingar på nettsidene til Sjukehusapoteka Vest HF, og aktivt følge opp resultatata.
- Samarbeide med sjukehusføretaka om lærings- og meistringstilbod på legemiddelområdet.
- Støtte opp om drift og vidareutvikling av antibiotikastyringsprogram i sjukehus, i tråd med Helse- og omsorgsdepartementet sin handlingsplan mot antibiotikaresistens.
- Bidra til å etablere ei felles rapporteringsløysing for bruk av breispektra antibiotika i Styringsportalen til Helse Vest. Rapporteringsløysinga skal svare ut rapporteringsbehova til Sjukehusapoteka Vest, HF-a, RHF-et og Helse- og omsorgsdepartementet. Det skal rapporterast tertialvis på dette til Helse Vest. (Sjå kap. 7.3 om tertialvis rapportering på bruk av breispektra antibiotika).
- Bidra til auka pasienttryggleik og kompetanse i samhandling mellom sjukehusføretak og kommunar gjennom deltaking i arbeid med utarbeiding samarbeidsavtaler på legemiddelfeltet/ved skifte av omsorgsnivå.

I styresak (sak 006/17) om risikostyringsmål viser fokusområder for Sjukehusapoteka Vest i 2017 for å sikre leveranse i høve til styringskrava. Ut over dette vil styringskrav og oppgåver gjevne i styringsdokumentet verte spegla i strategi og planarbeidet i Sjukehusapoteka Vest i 2017.

---

<sup>1</sup> Legemiddelinnkjøpsamarbeidet

### **Konklusjon**

Helse Vest gjev tydelege og ambisiøse styringskrav og oppgåver til Sjukehusapoteka Vest i 2017. Krava vil utfordre føretaket både i høve til faglig og administrativ kompetanse og kapasitet, og som vil gjere det naudsynt å prioritere ressursar inn mot prioriterte oppgåver i 2017.

### Vedlegg

1. Styringsdokument 2017 for Sjukehusapoteka Vest HF (førebels versjon)
2. Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF 10.01.2017
3. Helse- og omsorgsministerens tale til sjukehusa 10.01.2017